



## Statsforvaltaren i Vestland

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT  
(NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Vår dato:  
14.04.2023

Vår ref:  
2023/2422

Dykkar dato:  
Dykkar ref:  
202116028

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Eyvin Sølsnæs, 5764 3135

## Fråsegn til søknad om ny Fortun transformatorstasjon i Luster kommune

**Statsforvaltaren tilrar at det blir stilt krav i konsesjonen om at viktige naturverdiar blir ivareteke i tråd med tilrådingar i konsekvensutgreiinga. Vi legg generelt til grunn at varige inngrep i dyrka mark og naturmiljø blir avgrensa så langt som råd.**

Vi viser til oversendinga 7.2.2023.

Statnett søker om å få bygge ein ny transformatorstasjon i Fortun. Søknaden inneber òg riving av eksisterande anlegg, bygging av ny veg, inkludert ei ny bru over Fortunselvi, og omlegging av kraftleidningar inn til den nye stasjonen. Linja AS om å få etablere eit nytt bygg med innandørs koplingsanlegg ved sida av den nye transformatorstasjon, og i tillegg søker dei om å leggje om eksisterande kraftleidningar inn til det nye bygget.

### Vår vurdering

Tiltaket skal sikre framtidig straumforsyning, og har dermed stor samfunnsverdi. Konsesjonssøkte alternativ er vald etter ei samla vurdering av ulike interesser som naturmiljø, landskap, friluftsliv, støy, anna forureining, og flam- og skredfare.

Vi legg generelt til grunn at tiltaket blir utført med minst mogleg varige inngrep i naturmiljø og dyrka mark, med god terregn- og landskapstilpassing, og at området blir sett i stand etter utbygginga i tråd med moderne prinsipp om bruk av lokale artar og lokal frøbank til revegeteringa.

Ei tørrlagd bekkekloft som skal fyllast att vil bli sterkt forringa. Naturkartlegginga viser at naturverdiane er såpass små, at konsekvensen dermed heller ikkje blir store. I rapporten frå undersøkinga er det foreslått å unngå fysisk påverknad av nake berg og grunnlendt mark i nærområdet, noko vi reknar med blir følgd opp så langt som råd.

Mykje av utgreiingsområdet for planlagde massedeponi består i stor grad av fattig skogsmark og berg, og gjengroande kulturmark. I tillegg blei det òg funne tre lokalitetar med semi-naturleg eng (naturbeitemark) som har fått stor verdi, og ni raudlisteartar, deriblant enkelte sterkt truga og sårbare arter. Desse har gitt utslag i tre økologiske funksjonsområde for artar, med svært stor, stor og middels verdi. Dei ni raudlisteartane fordelte seg på tre punktfunn, på to gamle almetre (raudlista, kategori sårbar - EN, oppdatert i 2021) i det vestre utredningsområdet på Marki. Det nordre almetreet hadde samtidig artane bleikdoggnål (nær truga - NT), blådoggnål (sårbar - VU),



almelav (NT), almekullsopp (NT) og almebroddsopp (VU) på seg, medan den søndre hadde safransnyltepute *Chlorostroma vestlandicum* (sterkt truga - EN), almekullsopp (NT), almelav (NT) og kystdoggnål (NT) på seg. I tillegg kom eit funn av hvithodenål (NT) på daude kvistar under bergoverheng i det austre utgreiingsområdet.

Etter det vi kan sjå er det vestre området ikkje omtalt nærmere i konsesjonssøknaden, og vi tolkar dette slik at det ikkje er aktuelt å bruke som deponiområde. I det austre utgreiingsområdet ligg ei naturbeitemark i den sørlege delen, medan ein i nord kjem nærmare eksisterande naturreservat, og ein raudlisteførekommst kan der bli øydelagd.

Miljørapporten seier at det viktigaste avbøtande tiltaket grovt sett vil vere å konsentrere inngrepa mest mogleg, både kor massar skal leggjast og aktiviteten knytt til dette. Dette bør skje i ytre, sørlege deler av deponiområdet, og ikkje inn mot naturreservatet. Samtidig er det viktig at aktivitetane ikkje hindrar framtidig husdyrbeite. Dersom tiltaket medfører at seminaturleg eng blir øydelagd, vil tilrettelegging som fører til at gjengroande seminaturleg eng blir tatt i hevd vere eit effektivt kompenserande tiltak. Vi tilrår at det blir stilt krav om tilpassingar og avbøtande tiltak for å kunne ivareta dei viktige naturverdiane slik det er tilrådd i miljørapporten.

Eventuelle tiltak i Drægnismorki-Yttrismorki naturreservat må avklarast med Statsforvaltaren i tråd med verneforskrifta, slik det òg er nemnt i konsesjonssøknaden.

Det er planlagt ny bru over Fortunselvi. Det er opplyst i konsesjonssøknaden at det vil bli sendt søknad til NVE for avklaring av konsesjonsplikt etter vassressurslova, og til Statsforvaltaren for vurdering av inngrep i kantvegetasjonen etter vassressurslova § 11. Dersom tiltaket ikkje er konsesjonspliktig, skal Statsforvaltaren avklare om tiltaket krev løye etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag.

Transformatorstasjonen vil byggje ned 22 mål dyrka mark. Det er grunngjeve i konsesjonssøknaden kvifor det er nødvendig å gå inn i dette arealet, og det er planlagt erstatningsareal som kompensasjon.

Vi minner om at tiltakshavar har eit sjølvstendig ansvar for at det ikkje oppstår forureining i strid med § 7 forureiningslova. Vi legg til grunn at stein- og jordmassar blir handtert i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets veileder M-1243, og at eventuelt betongavfall blir handtert i tråd med kap. 14 A i avfallsforskrifta.

Vi legg til grunn at tekniske installasjonar blir plasserte slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdiar.

Med helsing

Tore Larsen  
seniorrådgjevar

Eyvin Sølsnæs  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Luster kommune  
Vestland fylkeskommune

Postboks 77  
Postboks 7900

6866  
5020

GAUPNE  
BERGEN



Side: 3/3